



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3427 - 21/46263

Saksbehandlar:
Christine Erichsen
christine.erichsen@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 137/610 Alver

Tiltak: dobbel garasje
Byggjestad: Gbnr: 137/610
Tiltakshavar: Renathe Kleppe
Ansvarleg søkjar: Renathe Kleppe

Kommunen har i vedtak datert 23.06.2021 gjeve løyve til oppføring av dobbel garasje med loft, bygd areal (BYA) ca. 49,6 m² og bruksareal (BRA) ca. 46,8 m². Det er samstundes gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan, for grunnflate større enn 40 m².

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen Buheim, plaid: 1263-11061974, er definert som bustadføremål. Denne vert etter punkt 4.5 i kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen, planid: 1263-201701, supplert med føresegner i tema der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner.

Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen Buheim § 12. Tiltakshavar har også grunngitt etter §§ 11 og 7, knytt til arkitektonisk utforming.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Christine Erichsen på e-post christine.erichsen@alver.kommune.no eller på telefon +47 91 54 34 37.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Christine Erichsen
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve og dispensasjon til oppføring av dobbel garasje med loft - gbnr 137/610 Alver
Situasjonsplan - gbnr 137/610 Alver
Teikningar

Kopi til:

Renathe Kleppe

Furumarka 13 B

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER